



Planprogram for reguleringsplan E39 Stord–Os på høring

E39 STORD–OS (HORDFAST)

vegvesen.no

Samferdselsdepartementet har gitt Statens vegvesen i oppdrag å utarbeide statleg reguleringsplan for ny E39 Stord–Os i kommunane Stord, Tysnes og Bjørnafjorden. Varsel om oppstart av planarbeid vart sendt i september 2020. Forslag til planprogram for reguleringsarbeidet er utarbeida og blir no sendt på høring. Frist for merknader er 30. oktober.

Om planprogrammet

- Planprogrammet gjer greie for dei arbeidsoppgaver planarbeidet skal omfatte.
- For å redusere kostnader og få mindre inngrep i område med miljøverdi føreslår vi nokre stader å gå utanfor korridoren som er bandlagt i vedtatt kommunedelplan. Dette utløyser krav om konsekvensutgreiing for dei områda som ikkje er vurderte tidlegare.
- Området for ny konsekvensutgreiing ligg mellom Hodnanes ved Langenuen og Beltestad ved Søreidvika. Forslag til planprogram viser alternativ som skal utgreiast og kva tema som konsekvensutgreiinga for denne delstrekninga skal omfatte.

I planprogrammet er det også med ei oversikt over kva tema som skal vere med i planomtalen. Framdrift og medverknad i planprosessen er omtala.

Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-9. Reguleringsplanen blir utarbeidd etter §§ 12-3 og 3-7.

Forslag til planprogram finn du på: www.vegvesen.no/Europaveg/e39stordos. Varslingsområdet er det same som i tidlegare varsel om oppstart av reguleringsarbeid. <https://arcg.is/Cbqiy>.

Digitalt folkemøte – 20. september

Det blir arrangert digitalt folkemøte 20. september kl. 19:00. Det blir informasjon om prosjektet og det blir mogleg å stille spørsmål skriftleg i chat. Lenker til møtet blir publisert på nettsida når det nærmar seg. Møtet blir også annonsert på Facebooksida Statens vegvesen Vest.

Merknader

Merknader til planprogrammet kan sendast på e-post eller brev innan 30.10.2021. Merk brevet eller e-posten med «E39 Stord–Os».

E-post: firmapost@vegvesen.no

Brev: Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer

Innspel og merknader som vart sende inn i samband med varsling om oppstart av reguleringsplan hausten 2020, treng ikkje sendast på nytt. Dei er registrerte og blir tekne med i den vidare planprosessen.

Partar som prosjektet vil ha direkte følgjer for og offentlege samarbeidspartnarar vil få brev.

Kontakt

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til:

Ellen Slinde på telefon 99203238 (Tysnes)

Helen Gjærde på telefon 91801871 (Bjørnafjorden)

Jonas Dalland på telefon 47623272 (Stord)

Sverre Ottesen på telefon 97619460

Eller ta kontakt med oss på e-postadresse: e39StordOs@vegvesen.no